

# Stadnamn Foldrøyholmen

- | Nr. | Namn  |
|-----|---|
| 1   | Foldrøyholmen<br>G nr. 34 br nr 1   |
| 2   | Holmavikjo<br>Vika der huset på holmen låg.   |
| 3   | Kalvatreneset<br>Neset utfor Kalvatre   |
| 4   | Kalvatreet<br>Stad der ein har hatt kalvar  |
| 5   | Nora Kalvatre<br>Vika nord for Kalvatreneset  |
| 6   | Lødalen   |
| 7   | Ravnakloven<br>Tilholdstad for ravnar   |
| 8   | Florsåker`n<br>Åkeren ved fjosen  |
| 9   | Varen<br>En varde   |
| 10  | Hondaholo<br>Det går rykte om at ein hund skal ha krope inn i denne hola og komme seg ut på andre sida av holmen. |
| 11  | Grindåker`n<br>Åkeren låg atmed ei grind i steingarden.<br>Ein sleppte kyrne gjennom her.                         |
| 12  | Langåkeren  |
| 13  | Garibaldifluo<br>Ein båt med den kjende fridomskjemparen Garibaldi som kaptein, skal ha forlist på denne flua.    |
| 14  | Mannadalen  |
| 15  | Norastøo<br>Båtoppdragningsplass = stø.   |
| 16  | Sanden  |
| 17  | Vindkjeften<br>Vinden tar spesielt hardt her.   |
| 18  | Sand klubben<br>Vik som er full av kvit fin skjelsand.<br>På fjøre sjø stig sanden over havflata.                 |

- | <b>Nr.</b> | <b>Namn</b>  |
|------------|--|
| 19         | Terneklubben<br>Nes som ofte var fullsett med terner   |
| 20         | Sandåker`n<br>Åker med sand i  |
| 21         | Tongvikjo<br>Det var særst mykje tang i denne vika.  |
| 22         | Misjonshålo<br>Alt som dei avla her ga dei til misjonen.<br>Difor namnet Misjonshålo   |
| 23         | Likvikbakkane<br>Bakkane innanfor Likvik   |
| 24         | Florsekjo<br>Liten flat bakkje ved fjosen  |
| 25         | Likvikklubben<br>Odden utfor Likvik  |
| 26         | Likvik<br>Eit skip som låg i Foldrøyhamn hadde to mann om bord som hadde døydd av pest (kolera). Dei ville gravleggja dei døde i Foldrøyhamn, noko dei vart nekta. Ein mørk natt for dei ut til Foldrøyholmen og gravla dei der i denne vika, som etter dette fekk namnet Likvik |
| 27         | Austerhaugen   |
| 28         | Austerhaugsekjo<br>Liten flat bakke ved Austerhaugen   |
| 29         | Kjeldedalen<br>Den dalen kjelda låg i.   |
| 30         | Fløyhaugen   |
| 31         | Norøya kjeldedalsvikjo   |
| 32         | Kjeldedalsskjæret<br>Skjæret utanfor Kjeldedalen   |
| 33         | Øyatåno  |

## Kart som viser namn rundt Holmen på sjøen

- |   |                |
|---|----------------|
| 1 | Skjero         |
| 2 | Likvikfluo     |
| 3 | Kjeldedalsfluo |
| 4 | Holmafluo      |
| 5 | Hysemè         |
| 6 | Norafluo       |
| 7 | Innom Skjero   |